

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr.6

November 1987

41. Årg.



Foto: Siv Anita Bruvik

Per Lønning OPPSKRIFT PÅ GLEDE

GLEDE DERE I HERREN ALLTID! IGJEN VIL JEG SI: GLEDE DERE!
LA ALLE MENNESKER FÅ MERKE AT DERE ER VENNLIGE. HERREN ER NÆR!
Fil. 4,4-5

"Gledens brev" - og her har vi selve høydepunktet. Oppfordringen til å glede oss alltid og uansett er ikke å oppfatte som kald kommando. Det går nå engang ikke an å bite tennene sammen og niglede seg fordi dette er forekrevet. Gleden må ha kilder innvendig, i en selv. Den bryter fram med egen styrke, ingen makt i verden lar seg dressere mindre enn den. -Oppfordringen til glede er selvsagt å oppfatte som evangelium: Det er tillatt å glede seg, ja, vår glede er til glede for Gud, sann glede er deltagelse i Guds glede. Så vet vi det, vi som i vår nærsynthet og vårt mis-mot er så raske til å betrakte gleden med mistanke, som en farlig fristelse, ja, kanhende likefram en synd. Vårherre elsker alvorsmenn som kan holde ansiktsfoldene på plass, bortsett da fra rynkene i pannen. -Om vi ikke sier det slik og ikke engang tenker det slik, er det mye som tyder på at vi tror det slik.

Å glede seg uten opphør kan lyde stridt, nesten like ille som formaningen like etter: "la i alle ting deres ønskemål komme fram for Gud i bønn (v.6)." Men muligens de to absurditetene: uavlatelig glede og uavlatelig bønn blir mindre absurde når vi ser dem i sammenheng enn når vi betrakter dem hver for seg. Vi har den samme friske sammenstillingen i et Paulus-brev fra tidligere år (1.Tess.5,16). I bønner er glede. De tanker og tyngsler som blir løftet inn i bønner, kan ikke lenger kvele hjertejubelen. Å be er å plukke skyene ned av himmelen, så jeg sistpå ikke ser noe annet enn sol og åpen horisont hele veien. Bønner er gledens kanal. Og forvisningen: "Herren er nær!" - som kommer til uttrykk som bindeledd mellom gleden og bønner, gir mening til det hele. Fordi jeg opplever Herren som nær, opplever jeg også at bønner når fram, det er en som hører og en som svarer, og dermed kan gleden strømme uhindret. "Be, så skal dere få, og gleden skal bli fullkommen hos dere (Joh.16,24)."

Derfor skal vi høre oppfordringen til glede som en oppmuntring, et løfte, er tilsagn. Det er tillatt å glede seg til enhver tid. Gleden, den ekte og sanne, har ingen huller, den er hel. Den spenner om alt i vår tilværelse. Dette betyr selvsagt ikke at vi er fritatt for følelseslivets omskiftelighet, ei heller fra det tankeløsheten kaller "skjebnens tilskikkelser". Det betyr bare at gleden har evne til å overleve og til å overstråle. Det finnes ingen flekk i landskapet som ikke Gud kan forvandle til strålespeil. Og vi trenger ikke stå rådløse og vente på at det omsider en eller annen gang muligvis skal skje. Vi har fått hjelperådet. Jo færre flekker vi holder unna i vår bønn, jo færre flekker holder vi utenfor gleden. Hvor bønner blir hel, blir gleden det samme. Bønner forvandles til glede, og gleden forvandles til bønn.

FRÅ BOKA: GLEDEN SOM VARER. ET HALVÅR MED DET NYE TESTAMENTE

- om gudstenesta (10)

Om gudstenesta som heilskap

Finst det nokon nøkkel til å forstå kva gudstenesta og liturgien går ut på?

Eg vil svara: Hugs at det som går føre seg i gudstenesta er noko verkeleg!

Liturgien er ikkje berre noko som "må vera med". Den er ikkje til berre for å gje ei høgtideleg ramme. Eller for å ta vare på ein gamal tradisjon.

Gudstenesta er ikkje eit skodespel.

Når vi vert klare over dette, kan vi sjå på innhaldet i gudstenesta med friske auge. Då er det utruleg kor mykje ho rommar.

Når presten les ei bøn, då er det Gud vi bed til. Saman. Verkeleg.

Og i gudstenesta bed vi - for dei sjuke. For dei einsame. For dei syrgjande. Vi bed om fred på jorda, og om hjelp til å ta vare på skaparverket. Vi bed for born og ungdom, for heim og skule. Om tru og kristent liv. Vi bed om at Guds rike må koma. Og mykje meir!

Når vi syng salmar, er det Gud vi lovsyng! Men salmane kan òg vera bøner - eller dei kan gje oss ei påminning frå Guds ord.

Når vi tek del i syndsvedkjenninga, er det våre eigne synder vi ber fram for Gud.

Når vi les frå Skrifta, er det Gud som talar til oss.

Det er verkeleg. Alt saman.

Kjell Arne Norum

Tilbake i fokus

Når Kirkemøtet samles i november blir sammensetningen noe annerledes enn i fjor. Bjørgvin-benken får et nytt innslag. Biskop Per Lønning som har fulgt norsk kirkeliv fra sidelinjen det siste tiåret, er tilbake i kirkens tjeneste. En begivenhet som vekker interesse på begge sider av kirkens vegger.

Innsettelsen 1. september i Bergen domkirke har avfødt kommentarer av alle valører, fra den mest opprømte begeistring til sterk mistillit. Den nygamle biskopen voktes av mange spente iakttagere, og en ting er sikkert:

Per Lønnings brede erfaringsbakgrunn og personlige pondus gjør at han blir hørt når han har noe på hjertet.

Biskopen er en intellektuell med sans for filosofi og vitenskapsteori, og er kjent for sine innsatser både som politiker, debattant, forfatter og, i den senere tid som forsker ved Det lutherske verdensforbunds institutt i Strasbourg. Nå gjenstår det å se på hvilken måte vårt kirkeliv vil, og kan utnytte de ressursene han har samlet opp gjen-



Biskop Thor With og biskop Per Lønning, tidligere og nåværende biskop i Bjørgvin, under innsettelseshøytideligheten i Bergen domkirke 1. september. (Foto: Marit Hommedal).

nom en begivenhetsrik karriere.

Ved vigslingsgudstjenesten i Fredrikstad i mars 1969 talte Per Lønning

over temaet «Underet i de tomme hender.» Denne ydmyke overskrift er ikke byttet ut. Det er et klart vitnesbyrd.

KIRKE-AKTUELT 4/87

NY BARNEBIBEL

Informasjonssjef Dag Kjær Smemo i Det Norske Bibelselskap sier at BIBELEN FOR SMÅ OG STORE svarer på mange ønsker om å få en barnebibel som i tekst ligger nær opp til de voksnes bibel. - Nærmere kommer vi ikke, sier Smemo. Tekstgrunnlaget for denne barnebibelen er det samme som den nye oversettelsen fra 1987/85, men pedagogisk tilrettelagt for barn i alderen 6-10 år. Her er det ingen omskrivninger eller dikteriske friheter.


BIBELEN FOR SMÅ OG STORE er illustrert av dansken Anita Behrendt, som har laget 160 tegninger i farge og svart/hvitt. Tegningene og tekstene er tilpasset hverandre på en usedvanlig vakker og lesevennlig måte.

Tekstutvalget dekker i det vesentlige den nye mønsterplanens forslag til bibeltekster for barnetrinnet, sier Smemo. - Kanskje har vi også endelig fått en barnebibel som kan være felles for hjem, menighet og skole? Smemo utfordrer foreldre, lærere, prester og alle som driver med undervisning og forkynnelse for barn: "Sammenlikn tekstene, tegningene, tekstopsettet i BIBELEN FOR SMÅ OG STORE med alle andre barnebiblene på markedet. Har vi skapt en klassiker av en barnebibel for barn i småskolealder? Har vi rett når vi sier at dette er en moderne barnebibel for en ny generasjon?"

Prisen for den nye barnebibelen er kr. 158,-. Ingen dårlig pris for en gjennomillustrert bok på 344 sider. Den selges i alle bokhandlere.

- Selv voksne vil ha stort utbytte av å lese BIBELEN FOR SMÅ OG STORE, sier Smemo. Den er en glimrende repetisjon av bibelhistorien. En slags "DET BESTE - utgave" av Bibelen.

PÅ BEGGE MÅL!



Kateket Jon Ytrehorn og 2.klassingene Nanna Pernille Muldsvor og Kjell Arne Vartdel (frå Hornindal) viser stolt fram den nye barnebibelen. Endelig har vi fått en barnebibel på nynorsk!

Frå KIRKE-AKTUELT 4/87

TAKK OG FARVEL

For å nå flest moglege av alle våre vener og medarbeidarar gjennom desse 10 åra i Bjørgvin, må me få senda denne vesle helsinga i kyrkjelydsbladet.

Det har vore rike og gjevande år. Me har møtt og vortne kjende med så mange gilde menneske rundt om i bispedømet både under visitasar, jubilear, ordinasjonar, stevne og andre høve, menneske som det har vore ei glede å møte att. Ikkje alltid har det vor like lett å hugsa namna på alle i hop, som venteleg er. Men gjensynsglede her alltid vore der når me har kjend kvarandre att. Den opne eller stundom meir dulde kjærleiken til den gamle, kjære kyrkja vår og til han som er hennar Herre, har ført oss saman og ført til venskap. Herren sjølv kallar oss jo for sine vener! Som Kristi huslyd har me hatt så mange rike stunder både i kyrkje og heim kring Guds ord og tenesta for han. Mangt eit festleg og skjentsamt bordsete har gjeve kontakt og tillit for den bodskapen som ber heile vår felles teneste, anten me har tent i Guds verdslege eller hans åndelege regimente.

Me har så mykje å takka dykk alle for gjennom desse åra, ikkje minst takk for forbøn og velvilje. Takk for alle gode ord og oppmuntringar, takk fordi me har fått stå saman som ein stor familie sjølv om me ikkje i alt har sett alt likt. Takk til alle som i respekt for Guds ord har tatt alt i beste mening, som gode sysken gjer det. Ikkje minst takk for dei minnegåvene som i den nye heimen vår skal gjera oss glade ved tanken på dykk! Dei vil òg minne oss om forbønstenesta.

I skrivande stund har eg ikkje så mange dagane att av tenestetida mi som biskop

i Bjørgvin. Dei siste tenesteoppgåvene ventar. Men i Jesu Kristi kyrkje er det inga aldersgrense, takk og pris, der held tenesta fram utan offentleg status til arbeidsdagen er omme. Det er godt å få tena Herren med glede. Eg har alltid frå ungdomen av vore så glad i Paulus si oppmoding i Fil. 4,4: "Gled dykk i Herren alltid!" No er det mi bøn for dykk at mi teneste ikkje har vore til fånytted, men at evangeliet om Guds frelse i Jesus Kristus har fått nå fram til dykk og skapt tru og liv. Det er berre Guds ords evangelium som skapar kristen tru og byggjer Guds kyrkje. Lat Bibelen vera leidaren for tru og liv! Lat borna få læra om Jesus, det er den viktigaste kunnskapen dei kan få. Dei er kyrkja si framtid og skal vera ljøs og salt i den tida som kjem. Me har berre eit førebilete: Jesus. Lat oss hjelpa kvarandre til å fylgja han nærare i tida som kjem! Gud signe Bjørgvin bispedøme.

Dykkar i Kristus
Vera og Thor With



Vi noterer oss

Gravferder på Vaksdal

På Vaksdal må gravferdene haldast kl.13 heile dette skuleåret. Det kjem av at førskulen i kyrkja har to kull i år. Dei vekslar nett før kl.12, og då vert det mykje uro med henting og bringing av borna.

KANO

Juleverkstad på Vaksdal

Den tradisjonelle juleverkstaden for born i Vaksdal bedehus blir i år laurdag 12. desember kl.10-14.

Her blir det høve til å laga både julepynt og gåver. Til dekking av materialkostnadene må kvart barn ha med seg kr.15.

Vel møtt!

Arr: Barnelaget og Yngres



GLIMT FRÅ JULEVERKSTADEN I FJOR



ODDMUND FAUGSTAD VERT TAKKA FOR SÆRS LANG OG TRU TENESTE I VAKSDAL KYRKJELYD.



FRÅ KYRKJEGARDSVIGSLINGA PÅ DALE

ÅRETS 50-ÅRSKONFIRMANTAR PÅ VAKSDAL



Kirkens SOS er for alle



KIRKENS SOS

- Kirkens SOS er ikke en kontakttelefon for de som kjeder seg. Vi står i første rekke til tjeneste for mennesker som sliter med problemer i livet, og som har et akutt behov for et menneske å snakke med, sier daglig leder av kirkens SOS i Bergen, Greta Gramstad.

Tidlig i høst flyttet Kirkens SOS inn i helt nye lokaler sentralt i Bergen. I følge Gramstad er dette et stort økonomisk løft, som Kirkens SOS håper alle menighetene i Bjørgvin bispedømme vil ta økonomisk ansvar for.

- Kirkens SOS er nemlig ikke bare for de som bor i Bergen. Den er et tilbud for hele bispedømmet. Statistikkene forteller også at behovet for Kirkens SOS bare øker. I fjor kom det over 4000 telefonsamtaler fra enkeltmennesker som trengte hjelp i en vanskelig livssituasjon. Men Kirkens SOS er ingen behandlingsinstitusjon. Derimot kan vi lytte og hjelpe så

langt råd er via telefon. Man må heller ikke slite med spesielt kristelige problemer for å slå telefonnr. 05 - 23 30 80 mellom kl.19 om kvelden og kl.07 om morgenen. De som sitter på vakt, møter hele registeret av menneskelige og sosiale problemer - alt fra ensomhet via ekteskapsproblemer og selvmordstanker til rusmiddelbruk, sier Greta Gramstad-

- Hvilken hjelp kan dere gi?

- Telefonen er bemannet av kristne medmennesker, svært ofte prester. Vår oppgave er først og fremst å lytte og gjennom samtale hjelpe i en akutt og vanskelig situasjon. Ofte er en slik samtale et godt skritt videre for de som har det vanskelig, og svært mange av samtalene skjer anonymt.

Kirkens SOS er en selvstendig institusjon. Men bak tjenesten står alle menighetene i Bergen domprosti. Den evangelisk lutherske Frikirke og en rekke kristne organisasjoner.

Det er fremdeles behov for flere frivillige medarbeidere over 22 år.



FRÅ SØNDAGSSKULENS DAG
PÅ VAKSDAL.
DENNE GONGEN VAR DET
LEIARANE SOM MÅTTE
SYNA KVA DEI KUNNE!




BARNESIDE



JESUS VEIT OM OSS.

Det var ein mann som hadde slik lyst til å sjå Jesus. Ein gong kom Jesus dit mannen budde. Mannen var så liten, at han såg ingenting. Men han visste råd. Han klatra opp i eit tre. Der hadde han god utsikt og han var godt gøymt. Nokon veit sikkert kven denne mannen er. Det er SAKKEUS.

Så kom Jesus og alt folket. Plutseleg stoppar Jesus ved treet og ser opp, og han byrjar snakka til han: "Sakkeus skunda deg og stig ned, for idag lyt eg ta inn i ditt hus." Tenk Jesus visste at han var der. Han visste kva han heitte. Jesus brydde seg om Sakkeus som hadde gjort så mykje gale. Sakkeus skunda seg ned og tok i mot Jesus med glede. Det vart stor forandring i Sakkeus sitt liv no. Jesus veit om oss og. Han bryr seg om deg og meg og. (Luk.19. 1-10)



HEI!

Klarar du å finna svaret på rebusen? Lutke til både med rebusen og fargelegginga av teitninga!

Reidun Sturtveit

SLEKTERS GANG

Avlidne



DALE

14.08 Leofred Vaksdal f.1905
09.09 Maria Tysse f.1904
17.09 Elisabeth Hårvik f.1905
27.09 Einar Stokke f.1927
30.09 Bård Ingebrigtsen, f.1921

BERGSDALEN

23.09 Johannes N.Lid f.1905

STAMNES

20.08 Olav Kallestad f.1907
18.09 Ingebjørg Solhaug f.1915

VAKSDAL

08.09 Cecilia Kristina Nilsen f.1910
29.09 Karen Boge f.1906
06.10 Nelly Nilsen f.1904
10.10 Adolf Løtvedt f.1911



Døypte




DALE

13.09 Camilla Strandum
27.09 Torvald André Knutsen

VAKSDAL

06.09 Kevin Eliassen
11.10 Erling Sture Krogsrud



Vigde



DALE


22.08 Elisabeth Verpelstad
og Brigt Strømmen
10.08 Jofrid Margrethe Helle
og Odd Bjørn Heimark

STAMNES

01.08 Siv Unni Økland og
Henning Møster vigd i Moster kyrkje

VAKSDAL

17.10 Linda Nielsen
og Lars Herfindal



VELKOMEN TIL KYRKJE



8.november - 22.sundag etter pinse.

VAKSDAL kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.
Offer til Den Norske Israelsmisjon.

NESHEIM kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
Offer til Hardanger og Voss Prosti.

STANGHELLE kl.18.00 v/rk.Norum.Offer
til Dale og Stanghelle Indremisjon.

15.november - 23.sundag etter pinse.

DALE kl.11.00 Fam.gudst.v/sp.Meidell.
"Godt Nytt" til 11-åringane.Offer til
Fagertun.Kyrkjeskys.

BERGSDALEN kl.11.00 v/rk.Norum.Offer til
Folkebevegelsen for Livsrett og Menneskeverd.

22.november - siste søndag i kyrkjeåret.

STAMNES kl.11.00 Fam.gudst.v/rk.Norum.
"Godt Nytt" til 4.-6.kl.Offer til Norsk
Luthersk Misjonssamband og Det Norske Misj.selsk.

EIDSLAND kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

29.november - 1.sundag i advent.

EKSINGEDALEN kl.11.00 Fam.gudst.v/sp.
Meidell."Barnas Kyrkjebok" til 4-åringar.
Offer til Søndagsskolen/Bergen Søndagsskulekrets.

DALE kl.19.00 Lysmesse v/sp.Meidell.

VAKSDAL kl.19.00.Lysmesse v/rk.Norum.
Offer til De fire diakoni-institusjonene.

Laurdag 5.desember.

BERGSDALEN kl.16.00 Lysmesse/kons.v/Norum.

6.desember - 2.sundag i advent.

VAKSDAL kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.

STAMNES kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
Offer til Menighetsfakultetet.

13.desember - 3.sundag i advent.

NESHEIM kl.11.00 Gudst./kons. v/rk.Norum.

STANGHELLE kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.
Offer til Bibelskolen på Bildøy.

VAKSDAL kl.18.00 Julekonsert. Sp.Meidell.

DALE kl.20.00 Julekonsert.Rk.Norum

20.desember - 4.sundag i advent.

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.Offer til
Den Norske Sjømannsmisjon og Den Indre Sjømannsmisjon.

EIDSLAND kl.11.00 Gudst./kons. v/rk.Norum.
Offer til Blå Kors.

STAMNES kl.19.00 Lysmesse/kons.Rk.Norum.

Offer til Soknerådsarbeidet.



OPEN SAMTALEGRUPPE

VI TEK EIN PAUSE TIL UTPÅ NYÅRET.

DÅ FÅR VI VERTA SAMDE OM KORLEIS VI SKAL HALDA FRAM.

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskelg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!
Kontorassistenten kan treffast på kontoret på Dale måndagar kl 10-13, tlf. 59 61 20

KIRKENS SOS

Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Apent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00

Har du bil?

Ta andre med deg
når du køyrer til
kyrkje!!!



SLÅ PÅ TRÅDEN
eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer.
Frist for innlevering av stoff til julenummeret er 14. november.

Tove Margrete

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 50.- (eller meir)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese